



Helge Kvam

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1039 - 17/23443

Saksbehandlar:

Nina Randal

nina.randal@meland.kommune.no

23.11.2017

## Referat frå styremøte i Meland frivilligsentral

Møtedato: Tysdag 21.november 2017

Tilstades: Karin Strømmen, Knut Martin Bjørnstad, Siren Grasdal Øvretveit, Øyvind Oddekalv, Sølvi Knudsen, Helge Kvam, Nina Randal

### Sak 16/17

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjend

### Sak 17/17

#### Godkjenning av referat

Godkjend

### Sak 18/17

#### Styret konstituerer seg.

Styret har fått nytt medlem. Siren Grasdal som representerer Ungdomslaget Varden vart valt inn i Meland Frivilligsentral sitt styre på Årsmøtet 2017.

Styret konstituerte seg.

### Sak 19/17

#### Val av nestleiar

**Vedtak:** Knut Martin Bjørnstad frå Meland Skyttarlag er valt til nestleiar i Meland Frivilligsentral sitt styre.

### Sak 20/17

#### Rådmannens framlegg til budsjett – frivilligsentralen

I Rådmannens framlegg til budsjett:

**Frivilligsentralen** er ein svært viktig ressurs for den store frivillige aktiviteten i kommunen, både for lag og organisasjonar og for einskildpersonar. I tillegg til å drive rettleiing, støtte og ta prosjekt- og samarbeidsinitiativ mot laga, driv sentralen fram fleire tiltak. Døme frå dei siste åra er flyktningefadderordninga og sommaraktivetsveker for barn og unge frå vanskelegstilte familiar. Frivilligsentralen er frå 2017 finansiert som del av rammetilskotet under posten saker med særskilt fordeling, for 2018 kr 392.000,-. Dette inneheld midlar med formål om å auke aktivitet og kompetanse. Resten av utgiftene i budsjettframlegget, totalt kr 758.000,- vert då finansiert av kommunen sjølv med kr 366.000,-.

I 2017 vart ansvar for tilskot til frivilligsentralar overført til kommunane. Tilskotet vart overført frå Kulturdepartementet til kap. 571 Rammetilskot til kommunar, post 60

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Innbyggertilskot. Formålet med bevilginga er å støtte opp under etablering og drift av frivilligsentralar. Samstundes blei bevilginga auka.  
Auken av tilskotet er teke hensyn til i Rådmannens framlegg til budsjett .

Styret tek framlegget til orientering.

**Sak 21/17 Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom**

Barne ungdoms og familiedirektoratet (Bufdir) har lyst ut fattigdomsmidlar for 2018. Kontaktperson for Meland kommune er dagleg leiar på Frivilligsentralen. Frivillige organisasjonar i Meland kan søke tilskot til gode prosjekt. Frivilligsentralen vil søke om tilskot til «Kultur på kort» og «Aktiv sommar i Meland».

**Sak 22/17 Orientering om aktiviteten på Frivilligsentralen**

Dagleg leiar orienterte om aktivitetane på sentralen.

- \* Nattevandring er i gong på Frekhaug. Kvar fredag er tre nattevandrarar ute og går på Frekhaug. Dei møtes klokka 20 og går til ca 24.
- \* Regionalt møte om marint avfall 2.november på Rådhuset i Meland. Den nasjonale Strandryddedagen i 2018 er laurdag 5.mai. I Meland vil vi arrangere bossrydding denne dagen.
- \* Julegave aksjonen startar 28.november.
- \* 12.desember har Frivilligsentralen invitert inkluderingskontaktar, trenarar og Instruktørar for barn og ungdom i frivillige organisasjonar til eit føredrag på Nordgardsløa. Føredragshaldar er overlege Paul Joachim B. Thorsen på barnepsykiatrisk sengepost, Haukeland. Han skal snakke om barn med utfordringar i aktivitet og kva er viktig å huske på i forhold til ulike diagnosar og Ungdom og psykisk helse ut frå ein trenars / instruktørs ståstad. Korleis vil ungdom bli møtt? Kva skal ein som trenar / instruktør være oppmerksom på? Når ber vi om hjelp? Suksessfaktorar?
- \* Den kulturelle spaserstokken 2017- siste kulturtilbod i 2017 er ei Juleteaterframsyning av Zikk Zakk teateret. Den skal spelast torsdag 14.desember på Sjukeheimen og i UL Framsteg sitt ungdomshus.

Styret tek orienteringa til vitande.

**Sak 23/17 Eventuelt**

Trivselskomiteen vil avvikle drifta av trivselsbilen i løpet av 2018. Det vert no kartlagt faktisk bruk av bilen innan ulike tenesteområde. Det vert nytt møte om temaet mellom trivselskomiteen og administrasjonen i Meland kommune i april/mai 2018.

Styret tek orienteringa til vitande.

Neste styremøte: tysdag 6.mars 2018 klokka 17.00 på Frivilligsentralen

Møtet slutt kl. 18.00

Med helsing

Nina Randal  
dagleg leiar Frivilligsentral

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Eirik Bouwer Utne

**Mottakere:**

Helge Kvam

Karin Strømmen

Knut Martin Bjørnstad

Siren Grasdal Øvretveit

Sølvi Norunn Knudsen

Øyvind H. Oddekalv